

Stor elevaksjon for Moldova

Komande torsdag, 25. oktober, vert bortimot elevfri ved Os Gymnas. Alle elevar skal ut for å arbeida. Dei skal gje Hjelp Moldova og *Hans Bjørn Bakketeig* sin organisasjon ei skikkeleg handsrekning.

Anne-Margrethe Matre Hjemdal

ammh@osogfusa.no

Det vert dermed mange unge menneske å finna på ulike arbeidsplassar. Treng *du* hjelp, kontakt gymnaset, kanskje kan dei hjelpa deg også.

To av elevane ved gymnaset, *Alexandra Hjelle* og *Oda Waagseter Egenæs*, har vore i Moldova, og onsdag heldt dei foredrag for resten av skulen om opplevingane sine.

– Alle elevar må bidra. Elles kan de få merknader eller fråværsmelding, fortalde dei og opplyste om alle praktiske detaljar.

Mykje synsproblem

Moldova er rekna for å vera det fattigaste landet i Europa, og det er mykje elende der. Landet ligg aust for Romania. Ei av årsakene til at det finst så mykje augesjukdom er at mange har diabetes, noko som kan relaterast direkte til fattigdom.

– Dessutan vert det spekulert på om Tsjernobyl-katastrofen, som spreidde radioaktivt nedfall over heile Europa, også kan vera ei årsak, fortalde jentene under orienteringa på gymnaset.

Ein nedoverspiral

Å vera synshemma i eit underutvikla land er slett ingen spøk. Det vert ein nedoverspiral som dei færreste kjem seg ut av. Men eit par briller kostar ei årsløn, og har du ikkje briller, får du inga utdanning og ingen jobb. Difor utgjer arbeidet til Bakketeig og augelege *Jan Askvik*, som òg er med i prosjektet, så stor skilnad at det nesten er ufattelig. I alle fall for einskildmenneske, sa jentene.



Alle elevane på Os Gymnas hadde pliktig frammøte på orienteringa. Dei har også pliktig Operasjon Dagsverk-innsats, som i sin heilskap skal gå til Hjelp Moldova.



Alexandra Hjelle (t.v.) og Oda Waagseter Egenæs held foredrag om Moldova.

50 år gammalt postkort frå Osøyro

Rolf B. Moberg har sendt oss eit gammalt postkort over Osøyro, truleg teke sommaren 1961.

– Eg hugsar det gjekk ein mann rundt i området med stativ og kamera denne sommaren – og eg trur han tok mange bilete frå Os-bygda, fortel *Rolf B. Moberg*.

– Området biletet er teke i, er ein del av det som heitte Bakarhaugen. Fotografen stod i hagen til *Helga og Asbjørn Moberg* ved Laksavegen på Nedre Moberg då han tok dette biletet. Fotografen bad kameraten min, *Terje Moberg*, og meg om å setja oss utpå kanten, og slik kom også me med på postkortet, fortel han.

– Eg har lyst å nemna at namnet “Laksavegen” kjem av at bøndene på Moberg tidlegare brukte denne vegen når dei skulle ned og sjå til laksenøtene sine ved moloen. I 1961 delte Laksavegen seg i to, der eine tarmen gjekk forbi *Håkon Askvik* sin eigedom og den andre ned gjennom brattestien til BP-stasjonen.

“Bakarhaugen” fekk namnet fordi Osøyro-bakarane tidlegare gjerne tok med seg nista si og brukte utsynsplassen som “lunchrom” på godværsdagar, fortel *Moberg*.

Han legg til at “Nyevegen” frå Osøyro og oppover forbi Best-stasjonen kom i 1963, og at busshaldeplassen då vart flytta over på andre sida. Den låg då tvers overfor Essostasjonen og nedanfor Statoil-stasjonen – eller BP som det heitte den gongen.



Slik såg Osøyro ut for 50 år sidan, sett frå Nedre Moberg. Nede i høgre hjørne sit kameratane *Terje Moberg* (t.v.) og *Rolf Bernhard Moberg*. (Foto: Normanns Kunstforlag AS, Oslo)